



Årsmelding for 2024

Styret si årsmelding

2024 har vore eit gildt år, med mange interessante vinkveldar, 20 års jubileum og vinmesse.

Årsmøtet var ved Hå gamle prestegard den 2. februar, med god orientering frå fagkomiteen om neste års program. Åsbjørn Ueland orienterte om den kommande vinmessa i 2024. Det vart servert eindruevinar og Baccalao.

Det var fullbooka på «Mat og vin i Harmoni». Vi fekk servert ein flott meny og eit utval franske vinar til. Stor takk til Karl Marius Lillevik og flinke kokkeelevar og lærarar frå Bryne vidaregåande skule.

Den 19. april feira Jæren vinklubb 20 års jubileum i høghuset på Bryne. Totalt var vi 83 personar. Dette vart ein vellukka kveld med mange frammøtte medlemmer og inviterte. Egil Rune Lerbrekke fekk eit velfortent æresmedlemskap. Takk til arrangementskomiteen for god planlegging og gjennomføring!

Vidar Kenneth Johannesen frå Vinforum presenterte den 31. mai «Nye trendar i Spania». Vi fekk smaka på eit rikhaldig utval.

Den 23. august var det klar for ny vinsmaking med Nils Nærland på Hå gamle prestegard. Samanlikning av fire vinar frå 2004 årgangen med yngre årgangar av same sort, ga ny innsikt.

Jæren Mat- og vinmesse vart arrangert for niande gong, laurdag 28. september, på Jærmuseet vitengarden. Det vart selt 432 ordinære billettar og 166 seminarbillettar. Lokalet var fullt av folk og tilbakeldingane er gode. Denne gongen fekk vi presentert «Grisegode viner fra Moisivin» ved kokken, vinkelaren og forfattaren Trond Moi. Han bydde og på «Mat og vin i kombinasjon». Karl Marius Lillevik presenterte «Italienske kvalitetsområder som fortjener å bli kjent». Nils Nærland heldt som vanleg eit gratisseminar og dei oppmøtte fekk smaka på to gode Riesling vinar frå Trimbach. Takk for at du stiller opp og gledar oss, år etter år, Nils.

11. oktober fekk vi endeleg høve til å smaka på vinar frå Canada, etter eit par forsøk. Sommerlier, vinbloggar og forfattaren Gunnar Skoglund tok for seg vinområda Okanagan Valley og British Columbia, på vestkysten av Canada, med kjende druer som Chardonnay, Pinot Noir og Gamay.

Siste post på programmet i 2024 var «Vinlandet Danmark» med Jacob Stokkebye på Kafe Jærbuen. fredag 22. november. Jacob vart dessverre sjuk like før. Etter kort rådslagning, tok Gorden Haaland arrangementet på «strak arm», saman med gode hjelparar. Han «tråla» lokale vinmonopol og ga oss eit spennande utval av «Gorden sine julevinar» å smaka på. Det vart ein svært så hyggeleg førjulskveld for dei oppmøtte. Jakob Stokkebye frå Kerteminde på Fyn har vi på programmet i 2025.

Stor takk til fagkomiteen for engasjerande føredragshaldarar og tema.

Alle vinlister frå 2024 er å finna på www.jaren-vinklubb.no

Pr 31.12.2024 har Jæren vinklubb 94 medlemmer 13 valde å melda seg ut i løpet av året. I 2024 tok styret inn 10 nye medlemmer i vinklubben.

Styret har hatt 7 møter, mykje kontakt på messenger og eit fagmøte heime hjå Merethe.

Økonomien i vinklubben er god. Styret går inn for å halda på årskontingenten på kr 1000,- pr medlem. Eigenandelen har i 2024 vore kr 400 pr medlemskveld.

Rekneskapet er gjort opp med eit overskot på kr 75.860 og det er kr 407.905 innestående på klubben sine kontoar pr 31.12.24. Inkludert i overskotet er det også innkjøpte danskeviner til kvelden som vart utsett til 2025.

I høve til budsjettet som vart presentert på årsmøtet i februar -24, så kom vi ca. kr 10.000 under dette. Fleire medlemmer, renteinntekter og litt overestimering på nokre postar er grunnen.

Økonomien i klubben gir eit godt utgangspunkt for vidare drift.

Klubben har eiga Facebook side for meir uformell informasjon med medlemmene. E-post til klubben sine medlemmer skal framleis vera hovudkanalen for informasjon. Vinklubben nyttar Vipps til loddkjøp på medlemskveldane.

Styret har hatt følgjande samansetning i 2024:

- Merethe Sæbø, leiar
- Kåre Oseassen, kasserar
- Kjell Fammestad styremedlem/arrangement
- Tron Ree, sekretær
- Kai Heine Birkeland, varamedlem

Revisor har vore:

- Siri Skretting

Fagkomiteen med:

- Egil Rune Lerbrekk
- Gorden Haaland
- Kjellaug Anda Austrått

I haust vart fagkomiteen utvida med Kjellaug Anda Austrått.

Valkomite har vore:

- Rigmor Bø (leiar)
- Tobias Ånestad
- Thomas Nyberg